



Årsmøte 2016

Torsdag 11. februar, Firda vidaregåande skule



Generalsponsor:



Hovudsponsor:



NM for janitsjar i Trondheim, mars 2015.



Sakliste

1. Opning
2. Konstituering
 - Namneopprop
 - Godkjenning av innkalling
 - Godkjenning av sakliste
 - Val av møteleiar
 - Val av møtesekretær
 - Val av to til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar
3. Årsmelding 2015
4. Rekneskap 2015 med revisjonsmelding
5. Årsmøtesaker
6. Arbeidsplan 2016
7. Kontingent
8. Budsjett 2016
9. Val
10. Avslutning

Innhald

Årsmelding	5
Rekneskap	10
Budsjett	10
Arbeidsplan	13
Årsmøtesaker	14
Kontingent	14
Val	15
Vedlegg:	
Gjeldande vedtekter	16
Referat årsmøtet 2015	18
Referat ekstraordinært årsmøte 15	19

Årsmelding



Årsmøtet 2015

Årsmøtet 2015 vart halde på Firda vidaregåande skule torsdag 12.februar 2015. Valnemnda hadde ikkje lukkast å finne ny leiar, dette vart heller ikkje avklara under årsmøtet, og difor vart det ikkje vedtak i saka «val».

Styret vart valgt på ekstraordinært årsmøte. Styret fekk i oppdrag å konstituere seg sjølve. Leiar skal veljast av årsmøtet, og det vart sendt ut innkalling til nytt ekstraordinært årsmøte, dette vart halde på bussen til NM i Trondheim, her var nesten alle medlemmene til stades. Vigdis Henden vart valt som leiar for eitt år.

Styret

Leiar:	Vigdis Henden	På val 2016
Nestleiar:	Marta Sundal Engeland	På val 2016
Kasserar:	Margunn A. Ebebø	På val 2016
Sekretær:	Linda Pupe Støyva	ny
Styremedlem ¹ :	Hanne Lyngstad	På val 2016
1. vara ² :	Olav Myklebust	På val 2016
2. vara:	Ingrid Sundal Søreide	På val 2016

Musikkutval

Olav R Myklebust
Ole Henrik Mølmann
Trond Haugen
Dirigent

Sosialkomité

Didrik Eide
Heidi Fure Klausen
Elin Nikoline Vie

Valnemnd 2016

Reidun Kjørvik Førde
Gunnar Eide
Ingrid S Søreide

Revisorar

Didrik Eide og Heidi Fure Klausen

- 1) Til vervet som styremedlem har korpset lagt arbeidet med å vere materialforvaltar.
- 2) Det har vore praksis i lang tid (før 2002) at leiaren i musikkutvalet er første varamedlem.

Årsmelding

Speleoversikt og repertoar 2015

12. mars	Basar Hyen skulekorps	Vaudeville Suite, 5 satsar
15. mars	Basar Aulaen, Sandane skulekorps	Vaudeville Suite, 5 satsar
19.-22. mars	NM Trondheim	Vaudeville Suite, 5 satsar
29. mars	Påskebasar i Breimshallen	Vaudeville Suite, sats 1, 4 og 5, Vesle Hoa som var en Hottentott
18. april	Defilering barneturnstemne, Sandane	Norsk turnermarsj, Den Norske Løve, Gammel jegermarsj, King Size
03. mai	Defilering Breimstafetten	
17. mai	17. mai Sandane, Breim, Austrheim	
11. juni	Konsert i hotellhagen	Intåg i sommarhagen, Gaillito, Brudmarch, Bojarenes inntogsmarsj, Gammel Dans(k), Bruremarsj, Norsk marsj, Nordfjordsongen
13. juni	Sosial sesongavslutning	
24. juni	Geir Skagen 50 år	
23. juli	Gravferd Martin Lyngstad	Mitt hjerte alltid vanker
24. juli	Landskamp handball, Norge-Rusland	Den russiske nasjonalsongen, Ja vi elsker
15. august	Martha Sundal Engeland 60 år	
20. august	Første øving hausten 2015	
29.-30. august	Øvingshelg i Florø	
25. oktober	Skulekorpsbasar Breim	Dambusters, Gammel Dans(k), Blindekari-hallingen
31. oktober	NV-meisterskap Molde	Dambusters, Gammel Dans(k), Blindekari-hallingen, Vesle Hoa som var en Hottentott
15. november	Skulekorpsbasar Sandane	Dambusters, Blindekari-hallingen, Vesle Hoa som var en Hottentott
29. november	Julebasar Aulaen, Sandane	Sea Songs, Blindekari-hallingen
13. desember	Julekonsert Breim kyrkje	Vita Lux, Mitt hjerte alltid vanker, Silent night, Kom nå med lovsang
16. desember	Julekonsert Vereide kyrkje	Vita Lux, Mitt hjerte alltid vanker, Silent night, Bereden veg før Herran, Kom nå med lovsang
24. desember	Gloppen omsorgssenter, Julegrana på Hauge, Gudsteneste i Vereide krk	



Slik markerer janitsjaren runde dagar for vaksne medlemmer.

Årsmelding



Å telje plastblomar krevde sin porsjon tolmod.

Styret sitt arbeid

Styret har hatt fem møter i perioden og handsama 28 saker. Saker omhandlar aktivitetane våre, og om besetning til Skotårsgalla og NM i inneværande sesong.

Spesiell takk til Margunn Evebø for ekstra stor innsats dette året.

KORPSÅRET

Speleoversikta fortel om jamn aktivitet også dette året. Vi har mange speleoppdrag, både frå andre og eigne. Blant dei «faste» speleoppdraga er å spele på dei tre skulekorpsa sine lokale basarar, i tillegg til vår eigen julebasar og påskebasar.

Under NM i Trondheim 2015 fekk vi 9. plass og 87 poeng i 4. divisjon. Det var så godt resultat at vi ynskjer å delta i 2016 òg. Sesongen 14-15 vart avslutta med ein lett og festlig konsert i teltet i hotellhagen.

17. mai er blitt litt lettare å gjennomføre etter ny speleplan. Denne blir fylgt så lenge Breim og Sandane skulekorps er eitt korps når dei marsjerar ute.

Den sosiale sommaravslutninga hos Eva Fitje Holme vart riktig trivelig i år òg. Takk til Eva og hennar musikk- og sjåfør-familie, og til sosialkomitèen!

Sommaren 2015 vart spesiell. Martin Lyngstad gjekk bort, berre 71 år gamal, og med han ein aktiv hjørnepilar i korpset. Janitsjaren spelte under gravferda i Vereide kyrkje 23. juli, og Vigdis hadde eit fint minneord til Martin. Vi saknar Martin, og minna er mange og gode.

Dagen etterpå spelte vi nasjonalsongane då Norge sine handballjenter spelte landskamp mot Russland i Trivselshallen på Sandane. Kontrasten var stor til dagen før, men dette hadde vore planlagt i lenger tid, og korpset gjennomførte med glans.

Hausten starta med øvingshelg i Florø. Det var som vanleg godt å kome kjapt i gong. Takk til musikkutval og dirigent som gav oss ei effektiv helg!

Kvart år i november går medlemene rundt til alle husstandane i Gloppen (bortsett frå Hyen) og sel lodd. Medlemene gjer ein sjølvpålagd og god jobb, og vi set stor pris på at bygdefolket støttar oss med kjøp av lodd. Saman med julebasar og påskebasar er dette dei viktigaste inntektene våre



Ungdomane kosar seg rundt bordet på Egon Prinsen laurdagen under janitsjar-NM.



Skulekorpsa spelar på Breimsbasaren i påska.

Årsmelding



Ein baryton er kjøpt inn i løpet av året. Kan fort sjå litt slik ut.



Martin Lyngstad gjekk fort og uventa bort i juli. Ein korpsentusiast og ei drivkraft for janitsjaren var vekke. Her er han akkurat utnemnd til æresmedlem i 2005.

Husorkesteret har også i år spelt når det må til ved påskebasaren i Breim og førjulstreffet på Sandane.

Korpset øver i aulaen på Firda vidaregåande skule torsdagar frå 1915 til 2200.

Instrument

Ein baryton er kjøpt i 2015. Elles reparasjonar og kjøp av mindre ting.

Janitsjaren på nett

På nettsida gloppenjanitsjar.no og på korpset si side på Facebook held korpset medlemmane sine, og andre, oppdatert og informert om aktivitetar og arrangement.

Representasjon i perioden

Vigdis og Margunn deltok på regiontinget NMF Nordvest, 120415, på Eid. Bernt Reed var takka av på tinget, han har vore leiar i 2 periodar, leiar i valnemnda i 2 periodar og ordstyrar under tinga. Leiar no er Nils-Gunnar Solli, Ole Henrik Mølmann er varamedlem til regionstyret.

Medlemmar

Ved utgangen av 2015 har korpset 37 medlemmer innmeldt i NMF. Det er to medlemmer færre enn ved utgangen av 2014.

Klarinett: Britt Rønnekleiv Mølmann, Elin Nikoline Vie, Elisabeth Røgeberg, Geir Skagen, Hanne Lyngstad, Solveig Tørudstad,

Bassklarinet: Gudmar Eikenes

Saksofon: Didrik Eide, Jorunn Elisabeth Vereide Kvernevik, Kristin B. Svendsen, Lene Førde, Margunn A. Enebø, Reidun Kjørвик Førde

Trompet / kornett: **Andrea Vinsrygg**, Heidi Fure Klausen, Håvard Nordvik, Nils Reed, Per-Helge Enebø, Trond Haugen

Horn: Eva Fitje Holme, Martha Sundal Engeland, Vigdis Henden

Trombone: Bjørn Inge Solheim, Jenny Hysing, Martin Eikeset Koren, Odd Hansen

Baryton: Ingrid Sundal Søreide, Linda Pupe Støyyva, Olav R. Myklebust

Tuba: Bernt Reed, Gunnar Eide, Ole Henrik Mølmann, Eivind Kjørвик

Slagverk: Edvard Røgeberg, Arild Bjørkelo, Elias Vold

Dirigent: John Rune Ødven

Årsmelding

Desse er ført inn i 2015:

Martin Eikeset Koren, Jorunn Elisabeth Vereide Kvernevik, Andrea Vinsrygg Steen, Kristin B Svendsen, Elias Voll.

Desse slutta i 2015:

Ingelin Pettersen Seime, Marita E Holme, Martin Lyngstad, Olianne Randi Holme, Malin Pettersen Seime, Roger Andreas Holme, Vebjørn Aske.

Æresmedlemmer i Gloppen Janitsjar

Alf Evebø, Lars Alander, Odd Hansen, Martin Lyngstad, Nyfrid Eide og Jon G. Eide

Korpset takkar:

Gloppen janitsjar takkar generalsponsor SFE og hovudsponsor Sparebanken Sogn og Fjordane for god og viktig støtte!

Korpset takkar den viktigaste støtta vi har, det som tidlegare vart kalla «dameklubben», men som no har like mange menn! Dei jobbar kvar tysdag på «juleverkstaden» på Eide og lagar julenissar og julehus på løpande band. I tillegg takkar vi alle dei som leverer heimelaga vinstar både til påskebasaren og julebasaren.

John-Rune Ødven har vore vår trufaste, dyktige, behagelige og tålmodige dirigent gjennom mange år. Tusen takk!

Sandane 12. januar 2016

Vigdis Henden, leiar

Linda Pupe Støyva, sekretær

Martha Sundal Engeland, Margunn Evebø, Hanne Lyngstad, Olav Myklebust, Ingrid Sundal Søreide



Siste oppdrag for året er spelinga rundt i Gloppen i timane før jula vert ringt inn. På Haugegrana vart det spelning i lada på Karnils i regnveret.



Rekneskap og budsjett

Inntekter	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014	Budsjett 2016
3011 Medlkont/Uniform/Instrumentleige	kr 25 650,00	kr 22 050,00	kr 23 000,00
3040 Offentleg speling	kr 6 000,00	kr 3 000,00	kr 5 000,00
3050 Dugnad	kr 15 000,00	kr 15 000,00	-
3070 Julebasar	kr 46 092,00	kr 50 377,00	kr 50 000,00
3080 Påskebasar	kr 43 930,00	kr 39 267,00	kr 40 000,00
3090 Hovudlotteri	kr 55 000,00	kr 50 000,00	kr 60 000,00
3100 17.mai speling / Buss	kr 5 313,00	kr 16 899,80	kr 6 000,00
3110 Gåver	kr 16 600,00	kr 7 000,00	-
3120 NMF VO-midler	kr 11 070,00	kr 10 579,00	kr 10 000,00
3130 Norsk Tipping	kr 9 367,79	kr 8 756,10	kr 9 000,00
3140 Sponsor	kr 30 000,00	kr 30 000,00	kr 30 000,00
3150 Kulturmidlar	kr 10 000,00	kr 10 000,00	kr 10 000,00
3160 Skotårgalla 2012	-	-	kr 135 000,00
3170 MVA komp. 2010	kr 17 560,00	kr 20 656,00	kr 20 000,00
3190 Eigenandel Øvingshelg	kr 32 470,00	kr 22 205,00	kr 35 000,00
3200 Nordvest Meisterskapen 2013	kr 75 348,72	-	kr -
3210 NM Janitsjar	kr 71 257,00	kr 63 300,00	kr 70 000,00
3220 Astrid Lindgren	-	-	-
3230 Sommarnatt ved fjorden	-	kr 14 500,00	-
8040 Renteinntekter	kr 176,00	kr 351,00	kr 200,00
Egenkapital	-	-	-
SUM INNTEKTER	kr 470 834,51	kr 383 940,90	kr 503 200,00

Sak 4 og 8

Rekneskap og budsjett

Utgifter		Rekneskap 2015	Rekneskap 2014	Budsjett 2016
4010	Instrument	kr 40 649,00	kr 20 436,00	kr 40 000,00
4020	Notar	kr 13 706,66	kr 11 010,20	kr 15 000,00
4030	Uniform	-	-	kr 5 000,00
5850	Gåver / Blomar	kr 8 451,00	kr 1 803,00	kr 4 000,00
6210	Husleige	kr 14 700,00	-	kr 16 000,00
6240	Instruksjon	kr 104 310,00	kr 104 000,00	kr 105 000,00
6650	Øvingshelgar	kr 39 067,13	kr 38 930,99	kr 40 000,00
6710	Administrasjon	kr 7 344,00	kr 2 267,80	kr 5 000,00
6720	Hovedlotteri	kr 15 443,05	kr 13 830,20	kr 15 000,00
6730	Påskebasar	kr 15 289,42	kr 16 628,84	kr 15 000,00
6740	Julebasar	kr 16 716,12	kr 22 542,22	kr 18 000,00
6770	17.mai Buss	kr 5 313,00	kr 16 900,00	kr 8 000,00
7030	NordVest-Mesterskap 2015	kr 17 674,00	kr 3 250,00	kr 15 000,00
7040	Korpstur NM 2014	kr 103 787,00	kr 122 265,88	kr 105 000,00
7050	Musikkleir	-	kr 4 000,00	kr 5 000,00
7060	Astrid Lindgren	-	-	-
7070	Sommarnatt ved fjorden	-	kr 27 873,00	-
7160	Skotårgalla 2012	-	-	kr 120 000,00
7410	NMF Kontingent	kr 10 385,00	kr 11 210,00	kr 10 000,00
7510	Forsikring	kr 5 755,00	kr 5 455,00	kr 5 000,00
7720	Årsmøte / Leiarsamling NMF	kr 143,00	kr 103,00	kr 2 000,00
7790	Diverse	kr 5 100,00	kr 4 881,90	-
8190	Finanskostnader	kr 440,00	kr 425,00	kr 500,00
SUM UTGIFTER		kr 424 273,38	kr 427 813,03	kr 548 500,00

Rekneskap og budsjett

ÅRSAVSLUTNING 2015

Inntekter	Utgifter	Overskot
kr 470 834,51	kr 424 273,38	kr 46 561,13

Bank 01.01.2015	kr 256 340,37
Overskot 2015	kr 46 561,13
Bank 31.12.2015	kr 302 901,50

Gloppen Janitsjar, Sandane 1. januar 2016, Margunn Evebø, kasserar

Nokre rekneskapstal	Inntekt	Utgift	Netto
Påskebasar	43 930,00	15 289,42	28 640,58
Hovedlotteri	55 000,00	15 443,05	39 556,95
Julebasar	46 092,00	16 716,12	29 375,88
NM 2015	71 257,00	103 787,00	-32 530,00

Kommentarar til tala:

- Rekning husleige 2015 kr 16.000 ikkje med på rekneskapen. Forfall 20.01.16
- Instruksjon 2015 kr 101.870 ikkje med på rekneskapen. Forfall 20.01.16
- Hovedlotteri her er utgiftsført ein vinst som skal brukast i 2016 kr 479,40
- Uteståande kontingent/øvingshelg/NM kr 19610
- Kreditnota frå Norsk Noteservice kr 970,-
- Norsk Tipping rest 2014 kr 3.148,10 blir ført på 2015
- Buss julaftan kr 3.104 og annonse kr 900 blir ført på 2016
- Dette viser at vi har brukt ca kr 42.300 av egenkapitalen i 2014
- NM her er med depositum for NM 2016 kr 4.000

REVISJONSMELDING

Rekneskapen er revidert og funnen rett.

Sandane, 20. januar 2016, Heidi Fure Klausen (sign), Didrik Eide (sign)



*Siste vareteljing på Euro-
pris gav litt inntekter.*

Sak 6

Arbeidsplan



Nokre motiv er ein tradisjon i meldinga.

2016 Vår

7. januar	1. øving 2016
30. - 31. januar	Øvingshelg på Sandane
11. februar	Årsmøte Kl. 2100
VEKA 22. - 26. februar	Ekstraøvingar og klargjering til Skotårsgalla
27. februar	Skotårsgalla i Kultursalen
10. - 13. mars	NM i Trondheim
20. mars	Påskebasar i Breimshallen
7. el 14. april	Basar i Hyen
16. og 17. april	Dugnad for skulekorpsa. Dei arr. NV-meisterskap
1. mai	Defilering Breimstafett
17. mai	17. mai
2. el. 9. juni	Grendakonsert (I hotellhagen?)
	Sosial avslutning?

2016 Haust

18. august:	1. øving sesongen 16/17
27/28. aug el. 3/4 sept:	Øvingshelg
Okt/Nov:	Deltaking på NV 2016
Nov/Des	Skulekorpsbasar(ar), loddsal, julebasar, julekonsertar

2017

Våren 2017:	NM ?
-------------	------

Sak 5

Årsmøtesaker

Det er ikkje meldt inn særlege årsmøtesaker til årsmøtet.

Sak 7

Kontingent

Kontingenten i Gloppen Janitsjar vart i 2015 auka frå 500 kroner for vaksne og 250 kroner for skuleelevar til 600 kroner for vaksne og 300 kroner for skuleelevar. Styret meiner det ikkje er grunn til endre kontingenten i år.

Framlegg til vedtak: Kontingenten i Gloppen Janitsjar vert uendra for 2016. Kr 600,- for vaksne og Kr 300,- for skuleelevar.



Sandane/Breim skulekorps og janitsjaren ved Breim kyrkje 17. mai.

(Foto: Firda Tidend)

Val

Etter eit andre ekstraordinært årsmøte i 2015 vart Vigdis Henden konstituert som leiar i korpset for eitt år. Vigdis Henden (frå 2012) og Hanne Lyngstad (frå 2010) har takka nei til attval. Det same har varamedlem Olav R. Myklebust.

For å på ny få kontinuitet den odde toårige syklusen styremedlemmer sit, gjer valnemnda framlegg om at ny leiar vert vald for to år og ny nestleiar for tre år. Begge er spurde og har akseptert ei slik løysing.

Valnemnda si innstilling styre:

Leiar:	Marta S. Engeland	Ny
Nestleiar:	Ingrid S. Søreide	Ny, valt for 3 år
Kasserar:	Margunn A. Enebø	Attval
Sekretær:	Linda Pupe Støyva	Ikkje på val
Styremedlem ¹ :	Reidunn Kjörvik Førde	Ny
1. vara. ² :	Martin Eikset Koren	Ny
2. vara.:	Gunnar Eide	Ny

Valnemnda si innstilling utval:

Musikkutval

Martin Eikset Koren (leiar)	Ny (leiar)
Ole Henrik Mølmann	Attval
Trond Haugen	Attval
Dirigent	

Sosialkomité

Didrik Eide	Attval
Heidi Fure Klausen	Attval
Elin Nikoline Vie	Attval

Valnemnda si innstilling revisorar:

Revisorar

Didrik Eide	Attval
Heidi Fure Klausen	Attval

Styret si innstilling til valnemnd:

Valnemnd 2016

Hanne Lyngstad (leiar)	Ny
Vigdis Henden	Ny
Olav R. Myklebust	Ny

1) Til vervet som styremedlem har korpset lagt arbeidet med å vere materialforvaltar.

2) Det har vore praksis i lang tid (før 2002) at første vara er leiar i musikkutvalet.



Frå 2005 til 2007 var «Søstre Sisters», Martha og Ingrid, leiar og nestleiar samtidig i janitsjaren. No kan dei vere attende. Frå årsmøtet 2007.

Vedtekter for Gloppen Janitsjar

§1 ORGANISASJON

Gloppen Janitsjar, skipa 4. september 1986, er tilslutta Norges Musikkorps Forbund gjennom NMF region Nordvest. Gloppen Janitsjar er ei samanslåing av Sandane Hornmusikk skipa 2. november 1892, og Breim Hornmusikk skipa 22. september 1945.

§2 FORMÅL

2.1 Musikk

Ta vare på og utvikle korpsmusikk gjennom opplæring, motiverande aktivitetar og organisering. Drive tilleggsaktivitetar som ensemblespel, storband og liknande når det er interesse for det.

2.2 Sosial aktivitet

Ta vare på og utvikle korps- og organisasjonsarbeid som aktivitet.

2.3 Informasjon

Informere utad om korpset og Norges Musikkorps Forbund sine aktivitetar, fremme forståing for korpsa sine kulturelle, sosiale og oppdragande verdi.

2.4 Musikkpolitikk

Ta vare på korpset sine interesser i det lokale musikk- og kulturliv. Følgje opp dei overordna musikkpolitiske retningslinene som NMF set opp.

2.5 Arrangement

Gje muskarar, dirigentar og tillitsvalde tilbod om kurs. Arrangere og delta på konsertar, stemne/festivalar, konkurransar og andre arrangement.

2.6 Utviklingsarbeid

Utvikle og betre musikkfagleg og organisasjonsfagleg opplæring i samarbeid med skuleverket, kulturskolen, NMF og andre organisasjonar.

Ta initiativ til nødvendig organisasjonsmessig utvikling, omstilling og samarbeid med andre korps og musikklivet elles.

§3 MEDLEMSKAP

3.1 Opptak av medlemmar

Aktive amatørmusikarar og ikkje utøvande personar kan takast opp som medlemmar. Dette skjer gjennom korpssstyret.

3.2 Organisering av korpset

Korpset følgjer forbundet sine gjeldande aldersgrenser.

Utøvande medlemmar frå skulekorps kan takast opp som aspirant frå 1. august det året han/ho fyller 15 år. Medlemsplikter i aspiranttida skal oppfyllest i høve til skulekorpset.

Medlemmar kan takast opp frå 1. august det året dei fyller 16 år.

Nye medlemmer vert automatisk ført inn som medlem i NMF. Dette skal gjerast ved å bruke gjeldande NMF-skjema for medlemskap, og vert lagt inn i NMF sin medlemsbase. Er det endringar i dei registrerte opplysingane pliktar kvar einskild medlem å orientere styret om dette snarast. Det er ikkje høve til å reservere seg mot registrering.

Styremedlemer må vere medlem i NMF. Faste dirigentar og faste instruktørar skal registrerast i NMF sin database. Tvistar i samband med dette vert avgjort av regionstyret.

3.3 Føresetnader for medlemskap

a) Korpsmedlemmane må halde korpset NMF sine vedtekter, reglar og lovlege vedtak.

b) Medlemmene skal møte på øvingar, konsertar og andre oppdrag til avtala tid. Dersom eit medlem ikkje kan møte skal leiar/dirigent varslast så tidleg som råd.

c) Instrument, uniform og utstyr skal haldast i god stand. Uforsiktig behandling kan medføre økonomisk ansvar.

d) Deltaking i andre korps eller bruk av korpset sine egedelar i andre musikkaktivitetar må godkjennast av styret.

3.4 Kontingent og rapportering

Korpsåret følgjer kalenderåret. Medlemsregistrering, innrapportering til NMF og kontingentbetaling skal sendast NMF på avtala skjema/medium til gjeldande fristar. Det er ikkje høve til å reservere seg mot registrering. Korpset skal betale kontingent til NMF innan 1. februar etter tal registrerte medlemmar pr. 31. desember.

3.5 Permisjon

Styret kan gje medlemmer som søker om det permisjon frå spelning i korpset i inntil eitt år. I permisjon har medlemmet likevel dei plikter og rettar som ordinær medlem

3.6 Utmelding

Medlemmar som ynskjer å melde seg ut, må gje melding om dette til leiinga i korpset. Ved utmelding skal det samstundes skje utmelding frå NMF. Utmelding bør ikkje skje i løpet av korpset.

3.7 Suspensjon og eksklusjon

a) Medlemmar som ikkje rettar seg etter gyldige vedtekter, reglar og vedtak, eller er til skade for korpset sin aktivitet, kan styre suspendere for eit bestemt tidsrom. I grovare tilfelle kan årsmøtet vedta eksklusjon.

b) Vedtak om suspensjon og eksklusjon kan ankast inn for regionstyret.

§4 ÅRSMØTE

4.1 Status

Årsmøtet er Gloppen Janitsjar si høgaste myndigheit.

4.2 Årsmøteperiode, innkalling og saker til årsmøtet

a) Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan utgangen av februar.

b) Det skal kallast inn til ekstraordinært årsmøte dersom styret

c) eller 1/3 av medlemmane krev det.

d) Innkalling skal sendast ut minimum to veker før ordinært årsmøte, og ei veke før ekstraordinært årsmøte.

e) Årsmelding, revidert rekneskap, valkomiteen si innstilling og andre saker til behandling på årsmøtet skal sendast ut seinast ei veke for årsmøtet.

f) Medlemmar må fremme saker til årsmøtet gjennom styret. Slike saker må vere kome til styret seinast ei veke for årsmøtet skal haldast. Styret pliktar å leggje saker som kjem inn i rett tid fram for årsmøtet.

4.3 Representasjon, rettar og voteringar

a) På årsmøtet deltek korpset sine medlemmar og gjester invitert av styret.

b) Desse har stemmerett: Utøvande medlemmar som oppfyller sine medlemsplikter. Styremedlemmer i alle saker, unnateke ved handsaming av årsmelding og rekneskap.

c) Representantar for NMF har talerett. Årsmøtet kan gje talerett til den det matte ynskje.

d) Gyldig vedtak krev absolutt fleirtal (over halvparten av dei avgjevne stemmene) dersom noko anna ikkje er bestemt i vedtektene.

e) Årsmøtet er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades.

4.4 Årsmøtet sin dagsorden

Årsmøtet skal behandle følgjande saker:

1) Konstituering

a) Opning

b) Namneopprop

Vedtekter Gloppen janitsjar

- c) Godkjenning av innkalling
 - d) Godkjenning av dagsorden/sakliste
 - e) Val av møteleiar
 - f) Val av årsmøterefereent
 - g) Val av to til å skrive under protokollen
- 2) Godkjenning av årsmelding
 - 3) Godkjenning av avslutta og revidert rekneskap med revisjonen sin merknad.
 - 5) Saker framsett av styret
 - 6) Saker framsett av medlemmar
 - 7) Kontingent
 - 8) Budsjett
 - 9) Val av styre som består av:
 - Leiar
 - Nestleiar - Kasserar - Sekretær
 - Styremedlem
 - 1 og 2. varamedlemAlle, med unntak av varamedlemene, vert valde for to år, men likevel slik at to eller tre vert valde kvart år.
 - 10) Val av to revisorar for eitt år.
 - 11) Val av tre medlemmar til valkomite for eitt år.
 - 12) Val av utsendingar til NMF avd. Sogn og Fjordane sitt 2-årige årsmøte
 - 13) Val av musikkutval
 - 14) Val av sosialkomite

Valbare til verv er dei frammøtte representantane eller andre medlemmar som har sagt seg villig til å motta verv. Dei som skal veljast må ha gyldig medlemskap. Vala skal skje skriftleg dersom nokon krev det.

§5 STYRET

5.1 Samansetning

Styret består av: Leiar, nestleiar, kasserar, sekretær, styremedlem og varamedlemar.

5.2 Fullmakter

- a) Styret leiar korpset etter dei vedtak årsmøtet har gjort. Leiaren eller den styret gjev fullmakt teiknar korpset.
- b) Styret har fullmakt til å oppnemne dei utval og komitear det finn trong for.

- c) Styret har fullmakt til å revidere og utforme dei reglar og instruksar det er behov for i tilknytning til desse vedtektene og for å presisere og regulere korpset sitt ansvar og aktivitetar.

5.3 Innkalling til styremøte - vedtak

- a) Styret vert innkalla når leiaren eller tre styremedlemmar krev det
- b) Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmar er til stades.
- c) Styrevedtak skal protokollførast og korpssmedlemmane skal gjerast kjent med dei vedtak som er gjort.

5.4 Avslutning

Styret skal utarbeide årsmelding og avslutte rekneskapen for kvar årsmøteperiode. Årsmelding og revidert rekneskap skal leggast fram for årsmøtet til godkjenning.

5.5 Personalansvar

Styret føretek engasjement, tilsetjing, oppseiing og gjev avskjed og har fullmakt til å inngå løns- og arbeidsavtaler Styret er ansvarleg for å innhente politiattest for på dei som har tillits- eller ansvarstilhøve overfor mindreårige eller utviklingshemma. Styreleiar utøver dagleg personalansvar.

5.6 Beredskapsplan for korpset

Styret pliktar å forholde seg til beredskapsplan for korpset når korpset er på tur og deltek på arrangement.

§6 MEDLEMSMØTE

Medlemsmøtet er forum for informasjon og drøftingar og løysing av konflikttar for korpset sine medlemmar. Det skal haldast medlemsmøte når styret eller korpset sine øvrige medlemmar ber om det.

§7 KOMITEAR

7.1 Revisjon

Revisjonen skal gjennomgå rekneskapen for kvart år og leggje fram revisjonsmelding for årsmøtet.

7.2 Valkomiteen:

Valkomiteen skal finne fram til valbare kandidatar til dei ulike tillitsverv slik det går fram av paragraf 4.4, og leggje komiteen si innstilling fram for årsmøtet.

§8 OPPLØYSING OG UTMELDING AV NMF

8.1 Oppløysing

Oppløysing av korpset kan berre gjerast av to påkvarandre følgjande ordinære årsmøte. Vedtaka krev 2/3 fleirtal i eit lovleg sett årsmøte.

8.2 Korpset sin midlar og aktiva

I tilfelle oppløysing, skal korpset sine midlar plasserast i bank på sperra renteberande konto som vert disponert av NMF avdeling Nordvest, kulturutvalet eller kulturskulen i kommunen til nytt korpset er oppretta, og som då overtek midlane. Korpset sine øvrige aktiva skal opp-bevarast på forsvarleg måte og disponerast på same måte som nemnd i første setning. Denne bestemmelsen gjeld ikkje ved samanslåing av korpset.

8.3 Overføring av midlar og aktiva

Det siste ordinære årsmøtet kan bestemme at korpset sine midlar og eigedom skal overførast til eit anna korpset, musikk-skule eller til musikkføremål i grunnskulen dersom nytt korpset ikkje reorganiserast innan tre år.

8.4 Utmelding av NMF

Ved utmelding av forbund må det gjerast vedtak på to påfølgjande årsmøte med minst ein månads mellomrom. Gyldig vedtak krev minst 2/3 fleirtal. Utmelding må skje innan 15.november for at den skal gjelde frå 1.januar neste år. Ved utmelding vert all rett til NMF sine verdiar, tapt.

§9 VEDTEKSENDRINGAR

Årsmøtet kan endre desse vedtektene med 2/3 fleirtal.

Er det usemje om korleis vedtektene skal forståast skal usemja leggast fram for regionstyret med forbundsstyret som ankeinstans.

Ikrafttreding:

Desse vedtektene gjeld frå 6. april 1991, dei er revidert i april 1995 og 2007, og sist endra på årsmøtet 1. februar 2013.

Referat frå årsmøtet 2015

i Gloppen Janitsjar torsdag 12. februar 2015
kl 2100 på Firda vidaregåande skule

Til stades:

Vigdis Henden, Heidi Fure Klausen, Odd Hansen, Martin Lyngstad, Olav R. Myklebust, Gudmar Eikenes, Ingrid Sundal Søreide, Gunnar Eide, Reidun Kjørvik Førde, Eva Fitje Holme, Martha Sundal Engeland, Elin Nikoline Vie, Ingelin Pettersen Seime, Malin Pettersen Seime, Lene Førde, Linda Pupe Støyyva, Ole Henrik Mølmann, Hanne Lyngstad, John Rune Ødven, Bjørn Inge Solheim, Didrik Eide, Nils Reed, Margunn A. Everbø, Geir Skagen, Bernt Reed,

Det er 25 medlemmar til stades ved starten av årsmøtet.

Sak 1: Konstituering

Godkjenning av innkalling og sakliste

Dato for årsmøtet var kunngjort for medlemmane på øving i korpset 8. januar og på epost 14. januar. Det vart gjort offentleg kjent på korpset sine nettsider 14. januar. Sakliste og årsmøtepapir var sendt ut og gjort tilgjengeleg for medlemmane på epost måndag 9. februar.

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjent.

Val av møteleiar

Bernt Reed vart foreslått som møteleiar. Det kom ingen andre framlegg.

Vedtak: Bernt Reed er møteleiar

Val av møtesekretær

Geir Skagen vart foreslått som møtereferent. Det kom ingen andre framlegg.

Vedtak: Geir Skagen er møtereferent

Val av to personar til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar

Det vart gjort framlegg om at Elin Nikoline Vie og Ingrid Sundal Søreide signerte møteprotokollen saman med leiar. Det kom ingen andre framlegg.

Vedtak: Elin Nikoline Vie og Ingrid Sundal Søreide signerer protokollen saman med leiar.

Sak 2: Årsmelding

I 2014 var deltaking på NM for janitsjar, «Sommar natt ved fjorden», deltaking og teknisk arrangør av Nordvest-meisterskapen og konserten «Yebo» i samarbeid med skulekorpsa som var dei

viktigaste arbeidet for korpset. Elles var det mykje lokal speling, slik det bruker å vere. Økonomi-aktivitetane til korpset kasta i år mykje av seg.

Årsmeldinga vart gjennomgått side for side og det kom ingen endringar.

Vedtak: Årsmeldinga for sesongen 2014 er godkjent.

Sak 3: Rekneskap med revisjonsmelding

Rekneskapen vart lagt fram med eit overskot på kr 60 203,87 kroner.

Revisorane har gått gjennom rekneskapen og har ingen merkningar.

Leiar Bernt Reed gjekk gjennom og kommenterte rekneskapen, og svarte på spørsmål om det. Det kom ingen kommentarar til rekneskapen.

Vedtak: Rekneskap for 2014 er godkjent utan merknad.

Sak 4: Innkomne saker

I 2014 vedtok årsmøtet at korpset endra konsertantrekk til «svarte pene klede». Medlem Odd Hansen har levert inn årsmøtesak der han kommenterer at korpset no ikkje framstår uniformert på konsert, samtidig som han meiner korpset bør vurdere å «friske opp» antrekket. Årsmøtet kom med innspel til framlegget.

Bernt forsla at årsmøtet sende saka vidare til styret, som får i oppgåve å sjå på om konsertantrekket skal endrast.

Vedtak: Årsmøtet tek saka til vitande og gjev styret i oppdrag å drøfte korpset sitt konsertantrekk med utgangspunkt i drøftingane til saka.

Sak 5: Arbeidsplan

Styret og musikkutvalet har sett opp eit framlegg til arbeidsplan for 2015 og åra etter. Av større tiltak er NM for janitsjar er hovudsatsinga på våren, Nordvest-meisterskapen til hausten med spørsmålsteikn, og Skotårsgalla i 2016. Årsmøtet drøfta om korpset var klar for ein Skotårsgalla i 2016, og innspela er var eintydige. Det var også tydelege signal på at vi tok med Nordvesten komande haust. Elles vart det lagt til eit par mindre spelingar etter førespurnader dei siste vekene.

På årsmøtet i 2014 vart det teke opp at påskebasaren på tysdag i påskeveka låg abakeleg til for dei som hadde høve til å reise vekk i påska. Det vart forslått at basaren kunne flyttast palmesøndag. I fjor var det ikkje mogleg på grunn av andre arrangement, men det var eit klart ønskje på årsmøtet å prøve dette igjen. Det var også drøfta om basaren skulle flyttast heilt ut av påska, men det

var det mindre stemning for.

Vedtak: Arbeidsplanen er godkjent med satsing på NM 2015, Nordvest 2015 og Skotårsgalla 2016. Det vert som ei prøveordning for året forsøkt å avvikle påskebasaren i Breim på palmesøndag.

Sak 6: Kontingent

Kontingenten i Gloppen Janitsjar vart heva til 600 kroner for vaksne og 300 kroner for skuleelevar i 2014. Styret gjer ikkje framlegg om endring i kontingenten.

Vedtak: Kontingenten i Gloppen Janitsjar vert kroner 600,- for vaksne og kroner 300,- for skuleelevar.

Sak 7: Budsjett

Styret presenterte eit budsjett for komande sesong som er balansert på 485 000,- kroner. Det er lagt inn ein bruk av eigenkapital på 25.650 kroner med tanke på innkjøp av instrument og NM-tur. Resultatet er balansert med kjende inntekter.

Vedtak: Budsjettet for 2015 vart godkjent.

Sak 8: Val

Av dei som står på val i år har desse takka nei til attval: Bernt Reed som leiar sidan 2009. Geir Skagen som sekretær sidan 2003. Ole Henrik Mølmann som første vara og leiar for musikkutvalet sidan 2006.

Gunnar Eide orienterte om valnemda sitt arbeid. Det har ikkje lukkast nemnda å finne ny leiar til Gloppen Janitsjar. Dei har spurt så godt som alle medlemmane om leiarvervet utan resultat. Valnemnda la difor fram ei innstilling for årsmøtet utan leiar.

Leiar Bernt Reed meinte at årsmøtet ikkje kunne gjennomføre eit val utan at det også vart valgt leiar. Han ba årsmøtet om å utsette saka, og innkalle til ekstraordinært årsmøte knytt til øvinga torsdag 26.februar, der val er sak. Fram til då fekk valnemnda halde fram arbeidet med å finne leiar.

Vedtak: Saka 8 «Val» er utsett. Det vert kalla inn til ekstraordinært årsmøte knytt til øvinga torsdag 26.februar, klokka 2130.

Sandane 12. februar 2015

Geir Skagen, referent

Bernt Reed (sign)

Elin Nikoline Vie (sign)

Ingrid Sundal Søreide (sign)

Referat frå ekstraordinært årsmøte 2015

i Gloppen Janitsjar torsdag 26. februar 2015
kl 2100 på Firda vidaregåande skule

Til stades:

Malin Pettersen Seime, Ingelin Pettersen Seime, Lene Førde, Nils Reed, Ole Henrik Mølmann, John Rune Ødven, Elin Nikoline Vie, Ingrid Sundal Søreide, Bjørn Inge Solheim, Olav R. Myklebust, Reidun Kjørvik Førde, Gunnar Eide, Eva Fitje Holme, Margunn A. Evebø, Odd Hansen, Hanne Lyngstad, Heidi Fure Klausen, Martin Lyngstad, Linda Pupe Støyva, Gudmar Eikenes, Geir Skagen, Bernt Reed.

Det er 22 medlemmar til stades ved starte av det ekstraordinære årsmøtet.

Sak 1: Konstituering

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling til ekstraordinært årsmøte med sakliste vart gjort 12. februar i samband med årsmøtet, og på epost og på korpset sine nettsider umiddelbart etter same dag.

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjent.

Val av møteleiar

Bernt Reed vart foreslått som møteleiar. Det kom ingen andre framlegg.

Vedtak: Bernt Reed er møteleiar

Val av møtesekretær

Geir Skagen vart foreslått som møtereferent. Det kom ingen andre framlegg.

Vedtak: Geir Skagen er møtereferent

Val av to personar til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar

Det vart gjort framlegg om at Gurmar Eikenes og Margunn A. Evebø signerer møteprotokollen saman med Bernt Reed. Det kom ingen andre framlegg.

Vedtak: Gudmar Eikenes og Margunn A. Evebø signerer protokollen saman med leiar.

Sak 2: Val

Det er innkalla til ekstraordinært årsmøte med bakgrunn i at valnemnda til årsmøtet 12. februar ikkje hadde lukkast i å finne leiar.

Gunnar Eide orienterte om valnemnda sitt arbeid sidan årsmøtet og slo fast at det er framleis ikkje er nokon som har

takka ja til å ta på seg vervet. Valnemnda la difor også denne gongen fram ei innstilling for årsmøtet utan framlegg til leiar.

Valnemnda si innstilling til styre og utval:

Leiar:

Nestleiar: Vigdis Henden	Ikkje på val
Kasserar: Margunn A. Evebø	Ikkje på val
Sekretær: Linda Pupe Støyva	Ny
Styremedlem1: Hanne Lyngstad	Ikkje på val
1. vara.: Olav R. Myklebust	Ny
2. vara.: Marta S. Engeland	Ny

Musikkutval

Olav R. Myklebust (leiar)	Attval (ny som leiar)
Ole Henrik Mølmann	Attval
Trond Haugen	Ny

Dirigent

Sosialkomité	
Didrik Eide	Attval
Heidi Fure Klausen	Attval
Elin Nikoline Vie	Attval

Revisorar

Didrik Eide	Attval
Heidi Fure Klausen	Attval

Vedtak: Valnemnda sitt framlegg til styre og verv vart valdt ved akklamasjon. Styret får ansvar for å arbeide vidare med leiarspørsmålet og kalle inn til eit nytt ekstraordinært årsmøte når det vert aktuelt.

Styret si innstilling til valnemnd 2016:

Reidunn Kjørvik Førde	Attval
Gunnar Eide	Attval
Ingrid Sundal Søreide	Ny

Vedtak: Styret si innstilling til valnemnd 2016 vart vedteke ved akklamasjon.

Sandane 12. mars 2015

Geir Skagen, referent

Bernt Reed (sign) Gudmar Eikenes (sign)
Margunn A. Evebø (sign)



Referat frå andre ekstraordinære årsmøte 2015

Det andre ekstraordinære årsmøte vart halde på bussen til NM Trondheim. Alle medlemmene, bortsett frå Vigdis Henden, var til stades.

Vigdis Henden vart vald til leiar i Gloppen Janitsjar, for 1 år. Ho hadde 1 år att som nestleiar, og blir leiar dette året.

Marta Sundal Engeland vart vald til nestleiar for 1 år. Ho hadde 1 år att som 2. vara, og blir nestleiar dette året.

Ingrid Sundal Søreide vart vald inn som 2. vara for 1 år. Ho går inn i rulleringa som 2. vara har, på val neste år.

(Vi håpar at enten leiar eller nestleiar tek attval 1 år til, slik at ikkje begge står på val samtidig.)

Styret blir då slik frå årsmøtet 2015:

Leiar: Vigdis Henden	På val 2016
Nestleiar: Marta Sundal Engeland	På val 2016
Kasserar: Margunn Evebø	
Sekretær: Linda Pupe Støyva	
Materialforvaltar: Hanne Lyngstad	På val 2016
1. vara og leiar musikkutval: Olav Myklebust	
2. vara: Ingrid Sundal Søreide	På val 2016

Sandane 10. april 2015

Linda Pupe Støyva
-sekretær-

